



Til adresseliste

Vår dato: **15 MAI 2014**

Vår ref.: NVE 200904486-75, 201202273-47 kv/inh

Arkiv: 312 /084.Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ingrid Haug

Høyring av søknader med konsekvensutgreiing for kraftutbyggingsplanar i Jølstra, Jølster og Førde kommune i Sogn og Fjordane

NVE har motteke konkurrerande søknader frå Sunnfjord Energi AS og Nordkraft AS som ønskjer å utnytte det same fallet i Jølstra for å bygge Jølstra kraftverk i Jølster og Førde kommune. Søknadene blir sendt på høyring til alle som saka vedkjem. Høyringsfrist er 15. september 2014. NVE vil halde eit ope møte i løpet av høyringsperioden. Bruk gjerne nettsida til NVE når de sender fråsegn.

Søknadene inneheld konsekvensutgreiing (KU) og fagrapportar.

Søknadene skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6, jf. vassressurslova § 19. Den blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

Sunnfjord Energi AS har òg søkt om ekspropriasjonsløyve for nødvendig grunn og rettar dersom minnelege avtalar ikkje blir oppnådd, samt om førehandstiltreding som inneber at grunn og rettar kan tas i bruk før skjønn er halde.

Eit eksemplar av brosjyrane som er utarbeidd for prosjekta ligg ved. Søknadene og alle fagrapportane er tilgjengeleg på internettsida til NVE: www.nve.no/Vannkraft. Om høyringspartane ønskjer ein papirversjon av søknadene kan dei kontakte følgjande: Kjell Johnny Kvamme hos Sunnfjord Energi AS på e-post: kjell.johnny.kvamme@sunnfjordenergi.no eller tlf 57 72 23 77, og Torbjørn Sneve hos Nordkraft AS på e-post torbjorn.sneve@nordkraft.no eller tlf. 02275.

Vi viser elles til vedlagd informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknadene blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva vi ønskjer tilbakemelding på. Vi ber Fylkesmannen gjere ei konkret vurdering av om tiltaket treng konsesjon etter forureiningslova for driftsfasen.

NVE vil halde eit ope møte om prosjektet på Eikås Samfunnshus måndag 16. juni kl 19. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga av søknaden, og tiltakshavarane vil orientere om konsekvensane av ei eventuell utbygging.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7894 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssenagete 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vångsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Fråsegner skal sendast, gjerne via internett www.nve.no/Vannkraft, via e-post til nve@nve.no eller i brev til NVE - Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og seinast innan 15. september 2014.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegner er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine nettsider.

Informasjon til kommunane

Vi ber Jølster og Førde kommune om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av kvar søknad med fagrapportar ut til offentleg gjennomsyn på kommunehuset i Jølster og på servicetorget og biblioteket i Førde fram 15. september 2014. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. Søknadene vil òg bli lagt ut på Coop Marked Vassenden og på Spar Jølstraholmen.

Med helsing



Carsten Jenssen
seksjonssjef



Ingrid Haug
seniorrådgiver

Vedlegg: Brosjyre, kopi av kunngjering, info.ark om sakshandsaminga

Kopi: Sunnfjord Energi AS, Firdaveien 5, pb. 123, 6801 Førde
Fjellkraft AS, Pb. 7033 St.Olavs plass, 0130 Oslo

Adresseliste for: Sunnfjord Energi AS og Nordkraft AS - Søknad om utbyggingsprosjekt i Jølstra, Jølster og Førde kommune i Sogn og Fjordane

Handsamast etter: Vassressurslova

Blir kunngjort av NVE ein gong i: Firda og Firda Tidene.

Søknad papir	Brosjyre	Adressat
6	6	Førde kommune, Postboks 338, 6802 Førde
4	4	Jølster kommune, 6843 Skei i Jølster
	1	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
	1	Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER
Til info		Olje- og energidepartementet, postmottak@oed.dep.no
Til info		Statens Landbruksforvaltning, postmottak@slf.dep.no
	1	Mattilsynet Hordaland og Sogn og Fjordane, Postboks 383, 2301 Brumunddal
	1	Kystverket Vest, Postboks 466, 5501 Haugesund
	1	Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
	1	NGI, Pb. 3930 Ullevål Stadion, 0806 Oslo
	1	Statens Vegvesen Region Vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger
	1	Bergen sjøfartsmuseum, Håkon Sheteligsplass 15, 5007 Bergen
	1	Direktoratet for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim
	1	Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO), Nedre Slottsgt. 25 0157 OSLO
	1	Friluftsrådet Vest, Postboks 63, 5575 Aksdal
	1	Samarbeidsrådet for naturvernsaker / FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 LEIKANGER
	På nett	Samarbeidsrådet for biologisk mangfold (SABIMA), sabima@sabima.no
	1	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane v/ Thorleif Jakobsen, Skulevegen 92, 6770 Nordfjordeid
	1	Sogn og Fjordane turlag, Postboks 10, 6801 Førde
	1	Norges Jeger- og Fiskerforbund, Hvalstadåsen 5, Pb. 94 1378 Nesbru
	1	Førde Elveeigarlag v/ Arne Høisæther, Bruland, 6800 Førde
	1	Jølster Jakt og Fiskelag, 6843 Vassenden
	1	Førde Jakt og Fiskelag, v/Olav Johan Årskhaug, 6801 Førde
	1	NJFF – Sogn og Fjordane, Rygg, 6823 SANDANE
	1	Norges Padleforbund, Service boks 1, Ullevål stadion 0840 OSLO
	1	Villreinnemnda i Sogn og Fjordane v/ Astrid Eitrheim Lerum, Leri, 6876 Skjolden
	1	Sogn og Fjordane Bondelag, Hafstadv. 21, 6800 FØRDE
	1	Norske lakseelver, Postboks 9354 Grønland, 0135 Oslo

	1	NHO – Reiseliv Sogn og Fjordane, Postboks 212, 6901 Florø
	1	Statnett SF, Postboks 5192 Majorstuen, 0302 OSLO
	1	SFE-Nett, Bukta, 6823 Sandane
	1	Sunnfjord Energi Nett AS, boks 123, 6801 Førde
	1	Jølster Idrettslag, v/ Kjell Navelsaker, 6847 Vassenden
	1	Jølster Rafting, Tunavegen 14, 6819 Førde
	1	Lillehammer ro- og kajakklubb, Postboks 422, 2306 Lillehammer
	1	Norsk Fiskesenter AS, 6847 Vassenden
	1	Sunnfjord Golfclub, 6847 Vassenden
	1	Dagfinn Grimsbø og Torbjørg Grimsbø Eskeland, Grimsbø, 6847 Vassenden
	1	Henry Ruud, Øyabrekka, 6856 Sogndal
	1	Geir Inge Kirkeli, Kværnslettvegen 9, 5235 Rådal
	1	Endre Grimsbø, Frydenbølien 22, 5056 Bergen
	1	Adv. Lund& Co DA v/Ulf Larsen, Pb 1148 Sentrum, 0104 OSLO
1	1	NIBR, KU-senteret, att. Martin Lund Iversen, Gaustadalleen 21, 0349 OSLO

Søknad om konsesjon for bygging av Jølstra kraftverk i Jølster og Førde kommunar

NVE har motteke konkurrerande søknader frå Sunnfjord Energi AS og Nordkraft AS som ønskjer å utnytte det same fallet i Jølstra for å byggje Jølstra kraftverk. Sunnfjord Energi AS søkjer om å bygge ut fallet mellom Tungahølen og Reinene, medan Nordkraft AS ønskjer nytta strekninga mellom Tungahølen og eksisterande Stakaldefoss kraftverk. Både vassveg og kraftstasjon er planlagt i fjell for begge alternativa. Berekna årleg produksjon er hhv. 176 og 131 GWh i ny energi.

Sunnfjord Energi AS søkjer òg om oreigningsløyve for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive kraftverket, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søkjer Sunnfjord Energi AS om førehandstiltreding som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde.

Søknaden med konsekvensutgreiing blir handsama etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6.

Søknadene og alle fagrapportane er tilgjengelege på NVE sin internettside: www.nve.no/Vannkraft og er lagt ut til offentleg gjennomsyn på kommunehuset i Jølster, på servicetorget og biblioteket i Førde, på Coop Marked Vassenden og på Spar Jølstraholmen fram til 15. september 2014.

De kan få ein papirversjon av søknadene ved å kontakte følgjande: Kjell Johnny Kvamme hos Sunnfjord Energi AS på e-post: kjell.johnny.kvamme@sunnfjordenergi.no eller tlf 57 72 23 77, og Torbjørn Sneve hos Nordkraft AS på e-post torbjorn.sneve@nordkraft.no eller tlf. 02275.

NVE vil halde eit ope møte om prosjektet på Eikås Samfunnshus måndag 16. juni kl 19. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga, og søkjar vil gjere greie for konsekvensane ved ei eventuell utbygging.

Fråsegner sendast gjerne via internett www.nve.no/vannkraft, til nve@nve.no eller i brev til NVE – Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstua, 0301 OSLO så snart som mogeleg og seinast innan 15. september 2014.



SAKSHANDSAMINGSGRUTINAR VED SØKNAD MED KONSEKVENSENTGREIING SOM SKAL SLUTTHANDSAMAST AV OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET

Generelt

Søknaden gjeld eit kraftutbyggingsprosjekt som fell inn under reglane i plan- og bygningslova (pbl) om konsekvensutgreiingar (KU). NVE har, på bakgrunn av ei melding og høyringsfråsegnene til denne, fastsett utgreiingsprogrammet for den KU som er lagt ved søknaden.

NVE følgjer same sakshandsamingsrutinar for alle KU-saker, uavhengig av om tiltaket høyrer inn under vassdragsreguleringslova eller vassressurslova.

Vi viser til våre nettsider for meir informasjon:
www.nve.no/vannkraft-ku

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd.

NVE sender saka på høyring til dei kommunane, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltningsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er normalt tre månader. Samtidig blir brosjyre om søknaden distribuert til alle husstandane i distriktet. Søknaden blir kunngjort i lokale aviser, finst tilgjengeleg til gjennomlesing i kommunen og kan lastast ned frå NVE sine nettsider.

I løpet av høyringsperioden arrangerer NVE eit offentleg møte i distriktet i samarbeid med søkjar.

Etter høyringsperioden får søkjar høve til å kommentere innkomne fråsegner. Når NVE har motteke desse kommentarane vil NVE i samarbeid med søkjar invitere til ei synfaring. Kommunen, fylkeskommunen, Fylkesmannen og andre partar som saka vedkjem vil få høve til å delta. Under synfaringa er det mogleg å utdjupe aktuelle problemstillingar og å peike på forhold som er teken opp i høyringsrunden.

NVE slutthandsamar saka ved å gje si tilråding til Olje-og energidepartementet (OED). Ved ei totalvurdering av saka står NVE fritt til å vurdere om konsesjon skal tilrådest og i kva utstrekning. Søknaden og innkomne fråsegner er viktige grunnlag for denne vurderinga.

Dersom NVE tilrår å gi konsesjon, vil forslag til konsesjonsvilkår og ev. manøvreringsreglement vere lagt ved innstillinga til OED. Vilkåra inneheld reglar om m.a. konsesjonstid, revisjon av vilkår, konsesjonsavgifter til staten og kommunar (unntatt for elvekraftverk < 40 GWh), konsesjonskraft (berre vassdragsreguleringslova), godkjenning av

detaljplanar for utbygginga, tersklar, erosjon, naturforvaltning, forureining, kulturminne og sanksjonsreglar ved eventuelle brot på vilkåra. Ein viktig del av vilkåra er manøvreringsreglementet som gir rammene for konsesjonen, med m.a. reglar for vasslepping og reguleringshøgder.

Departementet sender NVE si tilråding ut på ei avgrensa høyring til dei kommunar og departement som saka vedkjem. Deretter fremjar OED saka for regjeringa som fattar endeleg vedtak.

Dersom det er søkt om løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/høgspennet overføringsanlegg, vil NVE gi nødvendige konsesjonar etter at saka etter vassdragslovgivinga er endeleg avgjort.

Kva forventast av høyringsinstansane?

Formålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane og alternativa som er presentert, vurdert etter konfliktgrad. Det er ønskeleg med grunngitte synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensingar i planane. NVE ønskjer også grunngitte forslag til avbotande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane. I tillegg ber vi om ev. kommentarar til om KU gir tilstrekkelege opplysningar om verknader av tiltaket.

NVE ventar at kommunen spesielt omtalar tilhøve knytt til kommuneplanen. I tillegg bør kommunen gi ei oversiktleg framstilling av forholdet mellom den omsøkte planen og dei lokale interessene. Dersom søknaden også gjeld løyve til elektriske anlegg, ber vi kommunen uttale seg om dette.

Faginstansar som Fylkesmannen og fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å vurdere søknaden i forhold til sine respektive ansvarsområde. Vassregionmyndigheita skal vurdere om dei meiner tiltaket bør vurderast etter vassforskrifta § 12 eller ikkje.

Om mogleg ønskjer vi at fråsegner sendast elektronisk, gjerne direkte via våre nettsider, www.nve.no/vannkraft.

Rett til motsegn

Kommunar, fylkeskommunar, Sametinget og statlege fagetatar kan fremje motsegn. Ei eventuell motsegn må fremjast i høyringsperioden. Vi viser til Rettleiar 3/2010 s. 17 for nærmare informasjon om dette (se www.nve.no/vannkraft-ku).